

Levekårsutvalet

Møteprotokoll

Møtedato:	03.06.2026
Møtestad:	Øygarden rådhus - Kultursalen
Møtetid:	Kl. 14:00 - 17:15

Medlemer som møtte	Parti
Geir Knarvik Fjeldstad	Arbeidarpartiet
Kristin Børve Jacobsen	Fremskrittspartiet
Ernst Morten Einarsen	Høgre
Robert Kaupang Sæle	Høgre
Synne Nordøy	Høgre
Hege Renathe Glesnes	Industri- og næringspartiet
Helge Nilsen	Kristeleg folkeparti
Kjell Rune Garlid	Sotralista-TVØ
Sølvi Kobbeltvedt	Senterpartiet

Medlemer med forfall	Parti	Vara som møtte	Parti
Espen Cornell Jacobsen	Ap	Terje Strandtun	Sp
Renate Toft	H	Dag Erling Slettebakken	H

Desse møtte frå administrasjonen

Kommunalsjefar; Marius Sylta, Line Barmen, kultursjef Marian Guddal Hansen

Delar av møtet: Elin Helland-Jooste

Permisjon:

Sølvi Kobbeltvedt fekk permisjon etter behandling av sak 031/26.

Møteleiar	Ernst Morten Einarsen
Møtesekretær	Silje Sørbotten Nilsen

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev difor ingen signatur.

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel	Uoff
029/26	Godkjenning av innkalling, saksliste og møteprotokoll	
030/26	Referatsaker og orienteringar	
031/26	Etablering av storkjøkken ved ny sjukeheim på Straume og utvikling av kjøkkenstrukturen i Øygarden kommune	
032/26	Status for internasjonalt arbeid i oppvekst	
033/26	Fleksibelt barnehageopptak - prinsipp og moglegheiter	
034/26	Spørsmål	

029/26: Godkjenning av innkalling, saksliste og møteprotokoll

Forslag frå kommunedirektøren

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent slik han ligg føre. Det er ingen merknadar til innkalling og saksliste.

Levekårsutvalet 03.06.2026

Behandling i møtet

Grunna feil var møteprotokoll ikkje tilgjengeleg til møtet. Dette vart retta opp i, slik at utvalet kunne godkjenne protokollen seinare i møtet.

Votering

Forslag frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Levekårsutvalet 03.06.2026 - saksnr. 029/26

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent slik han ligg føre. Det er ingen merknadar til innkalling og saksliste.

030/26: Referatsaker og orienteringar

Forslag til vedtak

Referatsakene og eventuelle orienteringar vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Levekårsutvalet 03.06.2026

Behandling i møtet

REFERATSAKER

Det var ingen merknader til referatsakene.

ORIENTERINGAR

Faste orienteringar i møtet:

Status og aktuelle saker frå kommunalsjef Line Barmen

- Tal på utskrivingsklare pasientar går ned
- Tal på personar med sosialhjelp går ned
- Gode tal på busetting av personar med utfordringar, 6 personar i kommunen som bur i mellombels bustad

- Nytt system for elektronisk pasientjournal (AIDN) frå 27. mai.

Status Øygarden+ frå utviklingsleiar Elin Helland-Jooste

- 13 aktive utviklingsprosjekt i kommunen, fleirtalet innan helse - men også nokon som overlappar mellom helse og oppvekst
- TØRN - prosjektet går no på LMS, Sundheimen og Fjell sjukeheim. Oppstart på MMNF vår 2026. Gjennomført omfattande på kartlegging av oppgåver og tidsbruk på desse per yrkesgruppe. Målet er å få til reelle endringar av bemanningsplanane slik at ein får betre ressursstyring (rett kompetanse på rett plass)
- Framtidsretta bustadstruktur MMNF - tverrfagleg prosjekt som skal kartlegge om det er mogleg å samlokalisere brukarar slik at drifta vert meir berekraftig og effektiv. Antatt ferdig haust 2026.

Status og aktuelle saker frå kultursjef Marian Guddal Hansen

- Sommarferieaktiviteter for barn og unge - oversikt er lagt ut på kommunen si nettside. Samarbeidar også tett med oppvekst for å nå ut til sårbare barn og unge
- Innbyggartorg og bibliotek - samlokaliseringa mellom desse fungerer alt i alt bra.
- Sommarles - populær kampanje. Har vore noko utfordringar med at biblioteka har hatt avgrensa opningstid. Talet på deltakarar har gått noko ned.

Status og aktuelle saker frå kommunalsjef Marius Sylta

- Trygt og godt i barnehage og skule (TOG) - felles kompetanseheving for alle tilsette som skal sikre eit trygt og godt oppvekstmiljø for barna.
- TOG har også samanheng med BTI (betre tverrfagleg innsats) - skal ikkje vere konkurrerende prosjekt. Alle skuler har fått etablert BTI-team, frå neste år vert dette også obligatorisk i barnehagane.
- Fråværsstatistikk i skulen har gått ned skuleåret 25/26 samanlikna med 24/25 (per mai. 2026).
- Mattemaraton - er no blitt ein tradisjon i kommunen. Blant dei beste kommunane i landet på dette. Ny rekord på avstand, aktivitetar og løyste oppgåver.

Andre orienteringar i møtet:

Møteplass av og for ungdom - statusoppdatering v/Mariann Guddal Hansen, leiar av ungdomsrådet Alva Betine Kilvik + Susanne Thorsen Berg - prosjektleiar møteplass for ungdom

- Skape ein trygg, felles arena for ungdom
- Mobiliseringsmøte i april med næringslivet + lokale ungdom for å kartlegge kva dei ønskjer og kva som er mogleg og kva som allereie finnast av tilbod
- 300 forslag, 20 ungdommar + 7 organisasjonar som la igjen kontakt info for å delta på vidare arbeid
- Nokre av tilboda vert også planlagt at det er ungdommen sjølv som skal arrangere og drifte.
- Starte med prosjekt på Sartorlunden og i Røde kors-huset, pilot - må sjå på respons før ein ser på mogleg vidareutvikling/utviding til andre delar av kommunen.

Det var ingen merknader til orienteringane, men utvalet gav gode tilbakemeldingar på presentasjonen knytt til møteplass for ungdom. Spørsmål vert lagt inn i og svart ut i møteportalen.

Presentasjonar vert lagt ved denne saka.

Votering

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Levekårsutvalet 03.06.2026 - saksnr. 030/26

Referatsaker og eventuelle orienteringar vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

031/26: Etablering av storkjøkken ved ny sjukeheim på Straume og utvikling av kjøkkenstrukturen i Øygarden kommune

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

- Kommunestyret vedtek at det vert etablert storkjøkken i ny sjukeheim på Straume.
- Kommunedirektøren kjem attende til kommunestyret med ei eiga sak om framtidig og samla kjøkkenstruktur i Øygarden kommune når arbeidet med den nye sjukeheimen nærmar seg ferdig.

Råd for personar med funksjonsnedsetjing 27.05.2026

Tilleggsforslag Lisbeth Hjortland FFO

RFF støttar forslaget frå kommunedirektøren om å etablere storkjøkken ved den nye sjukeheimen på Straume.

Samstundes vil vi understreke at det er viktig å involvere dei som arbeider ved sjukeheimane i den vidare prosessen når ein skal vurdere den samla kjøkkenstrukturen i Øygarden kommune, etter kvart som arbeidet med den nye sjukeheimen nærmar seg ferdig.

Behandling i møtet

Votering

Tilleggsforslag frå Lisbeth Hjortland (FFO) vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Råd for personar med funksjonsnedsetjing 27.05.2026 - saksnr. 023/26

RFF støttar forslaget frå kommunedirektøren om å etablere storkjøkken ved den nye sjukeheimen på Straume.

Samstundes vil rådet understreke at det er viktig å involvere dei som arbeider ved sjukeheimane i den vidare prosessen når ein skal vurdere den samla kjøkkenstrukturen i Øygarden kommune, etter kvart som arbeidet med den nye sjukeheimen nærmar seg ferdig.

Fellesforslag Berit Anita Knudtsen Larsen SH

- Eldrerådet understrekar at mat og måltider er ein sentral og viktig del av kvardagen for bebuarene. Dette har stor betydning for ernæring, trivsel og livskvaliteten.
- Prosjektgruppa sin rapport viser i samandraget sitt at kjøkkentenesta ved sjukeheimane i hovudsak fungerer tilfredsstillande og med gjennomgåande gode mat- og måltidstenester. Dei leverer òg på spesialkost.
- Eldrerådet vil difor tilrå at kommunen opprettheld ein desentralisert kjøkkenstruktur ved dei aktuelle institusjonane, sjølv om det vert bygd eit nytt storkjøkken ved den nye sjukeheimen på Straume.

Varm mat heim vil vere eit sentralt tilbod så lenge det er eit mål at eldre skal bu lengst mogleg i eigen heim. Den nye sjukeheimen må ha eit kjøkken som dekkjer aukande behov for slike tenester, samstundes som dei andre sjukeheimane dekkjer eigne nærmiljø. Sjukeheimane si kompetanse på eldre og ernæring må stå sentralt når desse tenestene skal utviklast og gjennomførast. Eit nytt storkjøkken må ha kapasitet til å levere mat til heimebuande eldre og personar med funksjonsnedsetjing.

På denne bakgrunnen vil eldrerådet tilrå at punkt 1 i kommunedirektøren si innstilling får følgjande forsterka ordlyd:

- Kommunestyret vedtek at det vert etablert storkjøkken i ny sjukeheim på Straume, men vil halda fast på noverande ordning med desentraliserte kjøkken.

Behandling i møtet

Votering

Ulike forslag frå Jan Utkilen, Sverre Bungum og Berit Anita Knudtsen Larsen vart omforma til eit fellesforslag som vart samrøystes tilrådd.

Vedtak i Eldrerådet 28.05.2026 - saksnr. 025/26

Eldrerådet har slik tilråding i saka:

- Eldrerådet understrekar at mat og måltider er ein sentral og viktig del av kvardagen for bebuarene. Dette har stor betydning for ernæring, trivsel og livskvaliteten.
- Prosjektgruppa sin rapport viser i samandraget sitt at kjøkkentenesta ved sjukeheimane i hovudsak fungerer tilfredsstillande og med gjennomgåande gode mat- og måltidstenester. Dei leverer òg på spesialkost.
- Eldrerådet vil difor tilrå at kommunen opprettheld ein desentralisert kjøkkenstruktur ved dei aktuelle institusjonane, sjølv om det vert bygd eit nytt storkjøkken ved den nye sjukeheimen på Straume.
- Varm mat heim vil vere eit sentralt tilbod så lenge det er eit mål at eldre skal bu lengst mogleg i eigen heim. Den nye sjukeheimen må ha eit kjøkken som dekkjer aukande behov for slike tenester, samstundes som dei andre sjukeheimane dekkjer eigne nærmiljø.

Sjukeheimane si kompetanse på eldre og ernæring må stå sentralt når desse tenestene skal utviklast og gjennomførast. Eit nytt storkjøkken må ha kapasitet til å levere mat til heimebuande eldre og personar med funksjonsnedsetjing.

På denne bakgrunnen vil eldrerådet tilrå at punkt 1 i kommunedirektøren si innstilling får følgjande forsterka ordlyd:

- Kommunestyret vedtek at det vert etablert storkjøkken i ny sjukeheim på Straume, men vil halda fast på noverande ordning med desentraliserte kjøkken.

Levekårsutvalet 03.06.2026

Nytt kulepunkt 2 Ernst Morten Einarsen H

- Det er eit aukande behov for å få levert porsjonar med varm mat heim til brukarane våre. Eit slikt tilbod vil sikre god kvalitet med omsyn til ernæring, og høgst truleg betre trivsel og livskvalitet for dei som nyttar seg av det. Eit nytt storkjøkken må ha kapasitet til slik leveranse til heimebuande eldre og personar med funksjonsnedsetjing.

Nytt punkt 1 Kjell Rune Garlid SL-TVØ

Kommunestyret vedtek at det vert etablert storkjøkken i ny sjukeheim på Straume, men vil halda fast på noverande ordning med desentraliserte kjøkken.

Behandling i møtet

Levekårsutvalet hadde innspel til viktigheita av å sjå på dei innspela som kom frå Eldrerådet.

Votering

Forslag frå kommunedirektør vart samrøystes vedteke

Tilleggsframlegg til kulepunkt 1 frå Kjell Rune Garlid (SL-TVØ) vart vedteke med 6 mot 5 røyster (mindretal: 4 H, KrF)

Tilleggsframlegg til nytt kulepunkt 2 frå Ernst Einarsen (H) vart samrøystes vedteke

Sølvi Kobbeltvedt (Sp) fekk permisjon etter votering i denne saka.

Vedtak i Levekårsutvalet 03.06.2026 - saksnr. 031/26

Levekårsutvalet gir slik tilråding:

- Kommunestyret vedtek at det vert etablert storkjøkken i ny sjukeheim på Straume, men vil halda fast på noverande ordning med desentraliserte kjøkken
- Det er eit aukande behov for å få levert porsjonar med varm mat heim til brukarane våre. Eit slikt tilbod vil sikre god kvalitet med omsyn til ernæring, og høgst truleg betre trivsel og livskvalitet for dei som nyttar seg av det. Eit nytt storkjøkken må ha kapasitet til slik leveranse til heimebuande eldre og personar med funksjonsnedsetjing.

- Kommunedirektøren kjem attende til kommunestyret med ei eiga sak om framtidig og samla kjøkkenstruktur i Øygarden kommune når arbeidet med den nye sjukeheimen nærmar seg ferdig.

032/26: Status for internasjonalt arbeid i oppvekst

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

1. Levekårsutvalet tek saka om internasjonalt samarbeid gjennom Erasmus+ innan oppvekst til orientering.
2. Levekårsutvalet sluttar seg til den vidare satsinga på Erasmus+ som verkemiddel for kompetanseheving og kvalitetsutvikling i barnehage, skule og vaksenopplæring, i tråd med gjeldande akkreditering og innanfor gjeldande økonomiske rammer.

Ungdomsrådet 26.05.2026

Tilleggsforslag

Ungdomsrådet sluttar seg til kommunedirektøren si innstilling med følgjande tilleggspunkt:

Ungdomsrådet meiner at internasjonalt samarbeid er viktig og ønskjer å forsterke og samordne innsatsen slik at alle ungdomsskulane i kommunen får samme tilbod.

Behandling i møtet

Votering

Kommunedirektøren si innstilling og tilleggspunkt frå UR vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Ungdomsrådet 26.05.2026 - saksnr. 025/26

Ungdomsrådet gir slik tilråding:

Ungdomsrådet sluttar seg til kommunedirektøren si innstilling med følgjande tilleggspunkt:

Ungdomsrådet meiner at internasjonalt samarbeid er viktig og ønskjer å forsterke og samordne innsatsen slik at alle ungdomsskulane i kommunen får samme tilbod.

Levekårsutvalet 03.06.2026

Nytt punkt 3. Kristin Børve Jacobsen FrP

Levekårsutvalet ber om å få lagt fram ei årleg orientering eksempelvis i juni, med fokus på kva effekt og utbytte det internasjonale arbeidet har hatt for barnehagar og skular.

Behandling i møtet

Før saka vart teke opp til votering fekk utvalet ei orientering frå 2 lærarar frå Tranevågen skule, som har vore på skulebesøk i Haukipudas (Oluo, Finland) med 10 av elevane på skulen.

Votering:

Forslag frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke
Framlegg frå Kristin Børve Jakobsen (FrP) vart samrøystes vedteke

Presentasjon vert lagt ved i saka.

Vedtak i Levekårsutvalet 03.06.2026 - saksnr. 032/26

1. Levekårsutvalet tek saka om internasjonalt samarbeid gjennom Erasmus+ innan oppvekst til orientering.
2. Levekårsutvalet sluttar seg til den vidare satsinga på Erasmus+ som verkemiddel for kompetanseheving og kvalitetsutvikling i barnehage, skule og vaksenopplæring, i tråd med gjeldande akkreditering og innanfor gjeldande økonomiske rammer.
3. Levekårsutvalet ber om å få lagt fram ei årleg orientering eksempelvis i juni, med fokus på kva effekt og utbytte det internasjonale arbeidet har hatt for barnehagar og skular.

033/26: Fleksibelt barnehageopptak - prinsipp og moglegheiter

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

1. Kommunestyret vidarefører dagens ordning med eitt hovudopptak, med løpande opptak ved ledige plassar i kommunale barnehager resten av året.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren halda fram med å utvikla oversikta på heimesida til kommunen, slik at ho viser tilgjengelege barnehageplassar.

Råd for personar med funksjonsnedsetjing 27.05.2026

Behandling i møtet

Votering

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak samrøystes vedteke

Vedtak i Råd for personar med funksjonsnedsetjing 27.05.2026 - saksnr. 024/26

Råd for personar med funksjonsnedsetjing har slik tilråding i saka:

1. Kommunestyret vidarefører dagens ordning med eitt hovudopptak, med løpande opptak ved ledige plassar i kommunale barnehager resten av året.

2. Kommunestyret ber kommunedirektøren halda fram med å utvikla oversikta på heimesida til kommunen, slik at ho viser tilgjengelege barnehageplassar.

Levekårsutvalet 03.06.2026

Tilleggsforslag - FORSLAGET VART TREKT Kristin Børve Jacobsen FrP

I tråd med kommunestyret si bestilling om eit meir behovstilpassa barnehageopptak, ber Levekårsutvalet om ei eiga sak som belyser dei økonomiske konsekvensane av å tilby plassar i perioden desember til august, slik at dette kan vurderast i budsjetthandlinga for 2027.

Representanten trakk forslaget, og det vart ikkje votert over

Endringsforslag - FORSLAGET VART TREKT Geir Knarvik Fjeldstad Ap

Utval for levekår ser at dagens opptaksmodell fører til at barn født i januar– mars i praksis ikkje får barnehageplass før dei er 1 år og 7–8 månader.

Dette skaper store utfordringar for familiar og bidrar til at særleg kvinner tar uløna permisjon eller faller ut av arbeidslivet.

Utval for levekår ber derfor kommunedirektøren greie ut en ordning for «vårbar», der kommunen setter av et avgrensa tal på plasser i kommunale barnehagar for barn som fyller 1 år i perioden januar – mars.

Saka må belyse:

- økonomiske og administrative konsekvensar
- beskrive korleis ordninga kan gjennomførast innanfor krava til bemanningsnorm, pedagognorm og arealkrav
- vurdere korleis private barnehagar kan inviterast inn i en frivillig ordning
- sjå på likestilling, arbeidsdeltaking og rekruttering
- foreslå eventuelle avgrensingar som maks tal på plasser og geografisk fordeling

Saka bør leggjast frem til politisk behandling i forbindelse med budsjettforhandling i 2027.

Representanten trakk forslaget, og det vart ikkje votert over

Tilleggs punkt fellesforslag Ernst Morten Einarsen H

Utvalet ber administrasjonen om eit notat før behandling i kommunestyret 18.06.2026 som skal innehalde følgjande informasjon:

Modellen nemnd i saka kalla "Sentral pott" blir oppdatert fram mot handsaming i kommunestyret og at det vert skissert korleis dette kan løysast for tre konkrete barnehagar, og kva kostnader som vil vere knytt til ei slik løysing

Behandling i møtet

Tilleggsforslag frå Kristin Børve Jacobsen (FrP): Representanten trakk forslaget, og det vart ikkje votert over

Tilleggsforslag frå Geir Knarvik Fjeldstad (Ap): Representanten trakk forslaget, og det vart ikkje votert over

Utvalet ber administrasjonen om eit notat før behandling i kommunestyret 18.06.2026 som skal innehalde følgjande informasjon:

"Modellen nemnd i saka kalla "Sentral pott" blir oppdatert fram mot handsaming i kommunestyret og at det vert skissert korleis dette kan løysast for tre konkrete barnehagar, og kva kostnader som vil vere knytt til ei slik løysing".

Votering:

Fellesforslag frå Ernst Morten Einarsen (H) vart samrøystes vedteke.

Forslag frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Levekårsutvalet 03.06.2026 - saksnr. 033/26

Levekårsutvalet vedtek:

Utvalet ber administrasjonen om eit notat før behandling i kommunestyret 18.06.2026 som skal innehalde følgjande informasjon:

Modellen nemnd i saka kalla "Sentral pott" blir oppdatert fram mot handsaming i kommunestyret og at det vert skissert korleis dette kan løysast for tre konkrete barnehagar, og kva kostnader som vil vere knytt til ei slik løysing

Levekårsutvalet gir slik tilråding til kommunestyret:

1. Kommunestyret vidarefører dagens ordning med eitt hovudopptak, med løpande opptak ved ledige plassar i kommunale barnehager resten av året.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren halda fram med å utvikla oversikta på heimesida til kommunen, slik at ho viser tilgjengelege barnehageplassar.

034/26: Spørsmål

Forslag til vedtak

Spørsmål med svar og innspel i saka vert teke til orientering.

Levekårsutvalet 03.06.2026

Svarfristar og innbyggjarservice i Øygarden kommune Kristin Børve Jacobsen FrP

Underteikna har vorte kontakta av leiar i Skogsvåg Idrettslag, Audun Gunnarsen, vedkomande manglande tilbakemelding frå administrasjonen på ein e-post sendt den 15. oktober 2025.

Henvendinga vart sendt til postmottaket i Øygarden kommune, med ordførar Tom Georg Indrevik og utvalsleiar for KPA, Svein Otto Jacobsen, på kopi.

Saka gjeld: «*Søknad om økonomisk støtte til kommunale gebyr i fm. behandling av reguleringsplan*».

Leiar i idrettslaget har ved fleire høve etterlyst svar på henvendinga, utan at det førebels har ført til konkrete tilbakemeldingar frå kommunen. Det vert presisert at e-posten vart sendt frå Skogsvåg Idrettslag før det vart vedteke at slike saker fyrst skal rettast til Idrettsrådet for uttale.

Som gruppeleiar for Øygarden FrP vil eg understreka at ein slik praksis ikkje er god nok. For Øygarden FrP er det eit grunnleggjande prinsipp at kommunen skal spela på lag med innbyggjarane, det frivillige og organisasjonslivet.

Kommunens oppgåve er å leggja til rette og vera ein støttespelar, ikkje opptre som ein byråkratisk og utilgjengeleg instans som vanskeleggjer arbeidet for lokale lag og foreiningar.

Øygarden kommune har vedtak på at me skal vera ein JA-kommune.

På bakgrunn av dette rettar undertekna følgjande spørsmål til utvalsleiar:

1. Kva tiltak vil politisk og administrativ leiding setja i verk for å sikra at e-postar og henvendingar til postmottaket i Øygarden kommune frå lag, organisasjonar og innbyggjarar vert svara ut innan rimeleg tid, i tråd med forvaltningslova sine krav til framdrift?
2. Bør det ikkje som eit minimum vera ein fast rutine at det vert sendt ut eit førebels svar eller ei mottaksstadfesting, slik at avsendar får stadfesta at saka er registrert og under behandling?

Svar:

Kommunen skal handtera alle henvendingar i tråd med forvaltningslova. Det er beklageleg at Skogsvåg Idrettslag ikkje har fått svar innan rimeleg tid, då dette ikkje er i tråd med verken lovkrav eller ønskt praksis.

Det vil koma ei sak til formannskapet 9. juni 2026 om korleis kommunen skal behandla søknader som kjem inn utanom budsjettprosessen og dei etablerte søknadsordningane for kultur og idrett. Søknaden frå Skogsvåg IL ligg mellom anna vedlagt denne saka.

Samtidig er hovudinstrykket at rutineane stort sett fungerer godt, men det er rom for betring. Kommunedirektøren vil ha auka merksemd på oppfølging av henvendingar og vurdere tydelegare rutinar for førebels svar og mottaksstadfesting.

Kommunen skal vere ein open og serviceorientert samarbeidspart for innbyggjarar og organisasjonar.

Vedrørande manglande politisk høyringsinnspel til endringar i opplæringslova Kristin Børve Jacobsen FrP

Kunnskapsdepartementet har sendt på høyring eit forslag om blandt anna «Adgang til å pålegga opplæring utanfor eiga gruppe». Høyringsfristen er 17. juni 2026.

Dette temaet diskuterte Levekårsutvalet på seminar på Fedje, og det framsto som det var brei semje om at det trengst endringar på dette feltet.

Sidan dette er ei prinsipiell lovendring som råkar skulesektoren direkte, er det opplagt ei sak der politikarane og særleg Levekårsutvalet burde få muligheita til å kome med eit formelt høyringsinnspel.

Levekårsutvalet har ikkje fått denne saka til politisk handsaming.

1. Kvifor har ikkje Levekårsutvalet fått høve til å kome med eit høyringsinnspel til denne saka i god tid før fristen 17. juni?

2. Kva vil administrasjonen gjera for å sikra at utvalet får reell politisk medverknad i så viktige og aktuelle høyringssaker framover?

Svar:

Øygarden kommune får årleg mange forslag til lovendringar der kommunen har moglegheit til å gje høyringsuttale, både frå kunnskapsdepartementet og frå andre departement. Grunna omfattande omstillingsarbeid dei siste åra og ressursituasjonen i kommunen, er det i mindre grad enn tidlegare prioritert å bruke administrative ressursar på å gje høyringsuttale i saker som blir vurdert å være av mindre prinsipiell karakter.

Administrasjonen har ikkje vurdert at dette konkrete lovforslaget er særskild prinsipielt. Det er heller ikkje vurdert at dette spørsmålet er av særskild politisk karakter. Oppvekstadministrasjonen i Øygarden er samd i hovudlinjene i lovforslaget, og at opplæringslova burde opne for å kunne pålegge ein elev opplæring utanfor heimskulen for ei avgrensa periode, når det ikkje vert rekna som forsvarleg at eleven kjem på skulen.

Dersom ein frå politisk hald ønskjer å gje høyringsuttale i fleire saker enn det blir gjort i dag eller ønskjer å gje uttale om spesifikke tema/saker kan dette rettast gjennom koordineringsutvalet til kommunen.

Reduksjon i sosialhjelp i Øygarden kommune Sølvi Kobbeltvedt Sp

Er det mogleg for administrasjonen å legge fram konkrete koblingar mellom resultata innan reduksjon i sosialhjelp, og dei tiltaka som vert gjort i kommunen? Dette er interessant for å politisk kunne videreføre tiltak som fungerer.

Svar:

Administrasjonen kjem attende med svar i neste møte

Digital lesing på 1.-3. trinn Sølvi Kobbeltvedt Sp

Har elevar på småtrinnet (1-3. kl) lesing på digitale flater, og er det mogleg for dei å få opplest lekser og oppgåver digitalt? Korleis påverkar dette eventuelt leseopplæringa?

Svar:

Administrasjonen kjem attende med svar i neste møte

Retningslinjer for permisjonssøknad i skulen Sølvi Kobbeltvedt Sp

Korleis har ny forskrift om permisjonssøknadar i skulen påverka fraværet? Har ein klart å treffe dei som har for høgt fråvær med denne endringa?

Svar:

Administrasjonen kjem attende med svar i neste møte

Robustbustader status Hege Renathe Glesnes INP

Kva er status for plassering av, og tildeling av robustbustader ?

Svar:

Administrasjonen kjem attende med svar i neste møte

Behandling i møtet**Vedtak i Levekårsutvalet 03.06.2026 - saksnr. 034/26**

Spørsmål med svar og innspel i saka vert teke til orientering.